

Johann Roppen

Fra: Johann Roppen
Sendt: torsdag 20. august 2020 11:26
Til: ALLE-Campus
Emne: NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 28/2020, 20. AUGUST

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 28/2020, 20. AUGUST

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no.

[Arkiv med tidlegare nyhendebrev.](#)

GODT OPPMØTE: GOD FADDERVEKE

Studieåret 2020-2021 har fått ein god start ved Høgskulen i Volda. Inntrykket frå dei første dagane i studieåret er at dei nye studentane har kosa seg på høgskulen og at Fadderveka har vore kjempefin. Opptellinga av nye studentar tyder også på at høgskulen har truffe godt med opptaket ved at det ser ut til å vere passeleg mange studentar på dei fleste studium. [Her er programmet for Fadderveka 2020.](#)

LOKALT VIDEOFIRMA ORDNA OPNINGA: KJELLEN LURTE INN ØRSTAREKLAME!

Det vart i år distribuert semesteropning ved Høgskulen i Volda: Nye studentar fekk møte sine medstudentar og lærarar på mange ulike stader på høgskuleområdet, og opninga vart spreidd over tysdag og onsdag. Alle studentane sitt første møte med høgskulen var i form av ein videofilm som [voldafirmaet Oclin](#) har produsert for Høgskulen i Volda. Kjellen Bigset klarte faktisk også å presse seg inn i filmen med ein heftig reklame for -Ørsta. Og sjeldan har strenge smittevernreglar vorte formidla med eit så strengt blikk. [Les meir om opninga og sjå velkomstfilmen.](#)

I filmen fekk dei nye studentane også helsingar frå minister for forskning og høgare utdanning Henrik Asheim, rektor Johann Roppen og leiar i Studentparlamentet Trym Rimmen.

REKTORBLOGGEN: OPNINGSHELSING OG VOLDAS KORONA-MOTSTANDSKRAFT

Rektor Johann Roppen si [opningshelsing til dei nye studentane](#) kan du lese på rektorbloggen, også i [engelsk versjon](#). På rektorbloggen er det også ei vurdering av Studiebygda Volda og Høgskulen i Voldas motstandskraft mot korona. Volda kan vere robust i pandemisamanheng, står det i blogginnlegget: "[Korona 2.0: Robust i revers?](#)"

LEDIGE STUDIETILBOD

Det er nokre få studietilbod som har nokre få ledige plassar. [Du finn dei her.](#)

NOKRE LEDIGE STUDENTHYBLAR

Det er framleis nokre ledige bustader på studentheimane til SiVolda. I nokre medieoppslag har det gått fram at det er mange som står på venteliste i Volda, men dei fleste av desse er studentar som har fått bustad og ikkje sletta søknaden sin og resten er studentar som ønskjer seg større bustad enn dei har fått. [Les meir på nettsidene til Sivolda.](#)

UNDERVISNINGA MÅ SLUTTE PREIS: TENK TRIKK!

Undervisningsroma på høgskulen er like fullteikna som kvar haust, men i år har vi i tillegg korona å stri med. Så det er svært viktig at undervisningsøktene ikkje varer lenger enn det som står i timeplanen slik at alle kan kome seg ut av romet før neste pulje kjem inn. Og når ein skal inn i klasseromet ventar ein først på at dei som er inne i romet har gått ut, altså same prinsippet som på trikk og t-bane.

150 KORONAMETRAR TIL STUDENTFADDERANE

Dei første dagane med studiestart og Fadderveke viser at det er vanskeleg å halde ein meters avstand, både for tilsette og studentar. Kriseleiinga oppmodar tilsette og studentar om å passe betre på - både på eigne og andres vegne. Smittevernpatruljene har gått rundt med ein knallraud meter som reint fysisk demonstrerer at ein meters avstand mellom folk er mykje lenger enn vi gjerne trur. Ei av Smittevernpatruljene melder om at den raude meteren er «eit supert tiltak» som gjer det lettare å snakke om temaet på ein artig og ufarleg måte. For å auke merksemda på meteren har [høgskulen delt ut ein «koronameter»](#) til kvar dei 140 fadderane våre. Koronameteren er i berekraftig materiale: Ei høvla, flisfri trelist.

SLIK JOBBAR HØGSKULEN MED SMITTEVERN

Mange har lurt på korleis høgskulen arbeider med smittvern mot korona. [Les meir om det på våre nettsider.](#)

RETNINGSLINER FOR PERSONVERN I FORSKING: MELDING AV PROSJEKT: NETTSKJEMA

Forskingsutvalet har vedtatt interne retningslinjer for personvern i forskning. [Les meir om dette på våre nettsider.](#) Høgskulen i Volda har avtale om at NSD (Norsk senter for forskingsdata) for melding av forskingsprosjekt der persondata blir behandla. På NSD sine nettsider står det også ei [sjekklister for om prosjekt skal meldast eller ikkje](#). Vi har også teke i bruk tenesta "[Nettskjema](#)" for å gjere det lettare og forsvarleg å samle og lagre data frå spørjeskjema og lydopptak.

SØK OM FORSKINGSMIDLAR FRÅ UH-NETT VEST

Tilsette på høgskulen kan no søke på såkornmidlar frå UH-Nett Vest til netteverks- og prosjektutvikling. Minst to UH-Nett Vest institusjonar og minst ein ekstern aktør må vere med på søknader. Såkornperspektivet handlar om at søknader må vere innretta mot seinare søknader inn mot til dømes Regionale forskingsfond, Forskingsrådet eller andre kjelder. [Les meir om utlysinga på UH-Nett Vest sine sider.](#)

PUBLISERINGAR (1): SEND GJERNE TIPS!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når du har lenke til ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert.

PUBLISERINGAR (2) BASTIANSEN HAR BIDREGE I RADIOPROGRAM

[Professor Henrik G. Bastiansen](#), AMF, har delteke i to radioprogram i NRK P2 sin serie: "Medienes stemmer og maktens sensur". Det første hadde tittelen: "[Partipressens vekst og fall](#)" der Bastiansen deltok i lag med professor Øyvind Østerud, UiO. Det andre programmet heiter "[Da Internett kom til Norge](#)" der Bastiansen deltok i lag med professor Eli Skogerbø, UiO.

PUBLISERINGAR (3) ARILD TORVUND OLSEN OM NYNORSK VINYL

[Høgskulelektor Arild Torvund Olsen](#), Nynorsksenteret, har fått publisert ei [digital utstilling om Nynorsk vinyl på sidene til Nynorsk kultursentrum](#). Den digitale utstillinga er basert på ei fysisk utstillinga som Torvund Olsen laga i fjor, og han står sjølv for tekst og foto. Teksten er ein historisk og tematisk presentasjon av nynorsk musikk på plate frå dei fyrste pionerane og fram til moderne storseljarar som Odd Nordstoga.

PUBLISERINGAR (4) RANDI BERGEM I "MICHAEL QUARTERLY"

Dekan Randi Bergem, ASH, har publisert oversiktsartikkelen "[Medverknad i lokalt folkehelsearbeid](#)" i tidsskriftet Michael Quarterly som er gitt ut av Det norske medisinske Selskab. Artikkelen er del av eit [supplement \(bok-artikkelsamling\)](#) i tidsskriftet.

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2020

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

18.-19.8.2020: [Studiestart, studieåret 2020-2021](#)

10.9.2020: [Styremøte](#)

18.9.2020: [Forskingsdagane - Utdeling av FOU-prisen 2020](#)

1.-4.10.2020: [Animation Volda](#)

28.-29.10.2020: [Styreseminar og styremøte](#)

11.-12.11.2020: [Fjordkonferansen 2020](#), Loen

10.12.2020: [Styremøte](#)

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

[15.8.2020: Korona 2.0: Robust 2.0?](#)

[18.8.2020: Velkomsttale til nye studentar](#)

[18.8.2020: "Welcome to Volda, new students"](#)

[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Nytt om bygging av nytt mediehus](#)

[Nytt om bygginga av Volda Campus Arena \(Volda kommune\)](#)

[Volda Campus Sparebank1 Arena: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Studentheimane på Heltne: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Mediehuset - nytt om huset og bilde av bygginga](#)

Med venleg helsing

Johann Roppen

Rektor

Høgskulen i Volda

Telefon: 47 28 64 23

www.hivolda.no



Miljøfyrtårn